




- | | |
|---------------------|-------------------|
| 1 Åbøbyen | 9 Arkitekturen |
| 2 Idrettsbanen | 10 Fløgstad skule |
| 3 Haakonsgate 51-53 | 11 Sjukehuset |
| 4 Wergelandsveien | 12 Hagebyen |
| 5 Gardshusa | 13 Strømhuset |
| 6 Varelageret | 14 Sneaths park |
| 7 Sauda Klubb | 15 Byanlegget |
| 8 Tennisbanen | |



Fargefoto: Lise Bjelland

ÅBØBYEN RUNDT

Ta turen rundt i Åbøbyen og lær meir om historia til dette flotte bustadområdet.

Det er sett opp 15 informasjonsskilt som saman danner ein rundtur. Turen er vist på kartet og tek rundt ein time.

- Lengd: 2,5 km
- Med rullestol/barnevogn: Løypa går i gatene i Åbøbyen der det er veg/fortau.


I 2019 FEIRA SAUDA SOGELAG 40 ÅR. I det høvet gav sogelaget denne skiltløypa i gåve til saudabuen. Bakgrunnen for gåva var sogelaget sitt årelange engasjement for Åbøbyen. Skilta er laga av Sauda sogelag med støtte frå Sparebankstiftelsen Sauda. Bileta er frå Sauda lokalarkiv.

Meir informasjon finn du på nettsida vår:
sauda-sogelag.no/abobyen

HAGEBYEN ÅBØBYEN

— SIDAN 1916 —





«Vi agter at bygge det sundeste og bedst utstyrte fabrikanlæg i sitt slag i Norge – et anlæg som vil bli til ære baade for Norge, distriktet, regjeringen og os selv.»

EFP sin kommentar til konsesjonsvilkåra (1915)

Åbøbyen er ein planlagt bydel - ned til minste detalj. EFP engasjerte nokre av dei dyktigaste arkitektane i landet til å planleggja og teikna den nye hagebyen. Dette gjer at Åbøbyen den gongen, som i dag, framstår som eit område med høge arkitektoniske kvalitetar. Bygging av husa tok til i 1916.

Åbøbyen er mellom dei best bevarte bustadområda for arbeidarar og funksjonærar vi har frå utbygginga av den kraftkrevjande industrien her i landet. Det er kanskje det finaste av slike anlegg. Riksantikvaren har definert Åbøbyen som eit kulturmiljø av nasjonal interesse.

Biletet over viser Åbøbyen med regulerte gater og flotte bustader. Fremst i biletet er sjukehuset. Lenger bak og til høgre ser me Fløgstad skule. Mot fjorden ligg fabrikkken med ei røyksky over. Biletet er frå slutten av 1950-talet og er ein del av samlinga til Sauda lokalarkiv.

ÅBØBYEN

Åbøbyen er namnet på ein bydel i Sauda som òg har blitt kalla amerikanarbyen, villabyen, hagebyen og byanlegget.

AMERIKANARBYEN

Det var den amerikanske fabrikkeigaren EFP (underselskap av Union Carbide) som stod for utbygginga av Åbøbyen. Dette var dei pålagd gjennom konsesjonsvilkåra frå 1915.

VILLABYEN

I vilkåra vart EFP pålagd å byggja bustader for selskapet sine tilsette. Dei valde då å byggja tre typar bustader: åttemanns-, firemanns-, og einmannsbustader. Dei største bustadene, og høgst oppe i bydelen, var for direktøren og høgare funksjonærar. Arbeidarane fekk leilegheiter i husa lengst nede og nærast røyken og fabrikkken.

Men EFP bygde ikkje berre bustader. Utover på 1920- og 1930-talet hadde dei fått på plass mellom anna eit moderne sjukehus, forsamlingshus, kolonialbutikk og bibliotek. Kommunen bygde ny stor barneskule.

HAGEBYEN

Åbøbyen – som andre hagebyar - er kjenneteikna av at ein la stor vekt på det estetiske, samt fokuset på “lys, luft og grønt”. Dette kjem til uttrykk i alleiar, grøntanlegg, parkar og hagar rundt husa – i tillegg til sjølv arkitekturen. Vegetasjonen er bevisst brukt både for å skapa aksar og for å knyta område saman.

BYANLEGGET

Åbøbyen vart stelt og halde ved like av ein stor stab med gartnarar, snikkarar og andre handverkarar. Desse var tilsette ved fabrikkken, men hørde til under avdelinga “Byanlegget”.